



DEN NORSKE KYRKJA

Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk kirkeråd

Kyrkjemøtet sine medlemmer

Dato: 15.02.2019

Vår ref: 17/00505-13

Dykkar ref:

Innkalling til Kyrkjemøtet 2019

Kyrkerådet vil med dette kalle deg inn til Kyrkjemøtet i perioden onsdag 27. mars kl. 15.00 til mandag 1. april 2019 kl. 14.30.
Møtet vert halde på Scandic Hotel Nidelven, Trondheim.

Kyrkjemøtet opnar med gudsteneste i Nidaros domkyrkje kl. 15.00.

Opningsmøtet kl. 17.00 vert halde på Scandic Hotel Nidelven. Dagen vert avslutta med middag på hotellet kl. 19.30 for Kyrkjemøtet sine medlemmer og inviterte gjester.

Som tidlegare år vil alle måltid under Kyrkjemøtet vere alkoholfrie, i tråd med Kyrkjemøtevedtaket frå 1993 som tilrår at all representasjon i regi av kyrkjelege organ skal vere alkoholfrie (KM 10/93 punkt 2).

Vedlegg til innkallinga:

- Sakliste til Kyrkjemøtet 2019
- Førebels programskisse
- Orientering om sakene og behandlinga
- Informasjon om reiserekningar og tapt arbeidsforteneste
- Informasjon om møteplikt
- Beskriving av e-meetings
- Oversikt over samansetting av komiteane med fordeling av saker på komiteane.

Kyrkerådet legg til rette for elektronisk saksbehandling. Saksdokumenta vert lagt ut på E-meetings. E-meetings finn de på same stad som sakspapira til møte i bispedømerådet. Om du ikkje har tilgang til e-meetings, sjå vedlagte forklaring. Manglar du brukarnamn ta kontakt med Øyvind Meling (om269@kirken.no), tlf. 23 08 12 51. Under Kyrkjemøtet vil møteappen som vart innført i 2017 verte brukt. Under møtet vil møteappen verte brukt til arbeid i komiteane, til å levere endringsforslag, til å be om ordet og til å gjera avstemmingar. Ei forklaring av appen vil verte sendt ut før møtet.

Kvar enkelt bestiller sjølv reise gjennom reisebyrået Berg-Hansen på telefon 08050 med ref. 1101310 Tone H. Welden.

Rom på hotellet er bestilt for kvar enkelt av medlemene frå onsdag 27. mars med avreise måndag 1. april. Flybussen frå Værnes flyplass stoppar i gangavstand frå hotellet, og det er gangavstand frå jernbanestasjonen. Flybussen har òg stopp ved Erkebispegården (Prinsen kinosenter).

Eventuelle spørsmål om hotellopphaldet kan rettast til Øyvind Meling tlf. 23 08 12 51, e-post: om269@kirken.no

Eventuelle fråfall til møtet må meldast til assisterande direktør Gerd Karin Røsæg, e-post: gr254@kirken.no så snart som mogleg.

Vi ser med glede fram til samarbeid under Kyrkjemøtet 2019 og ønsker alle vel møtt til fellesskap og felles innsats. La oss alle førebu møtet med bøn om Guds nærvær og rettleiing.

Med helsing

Kristin Gunleiksrud Raaum
leder

Ingrid Vad Nilsen
direktør

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kyrkjemøtet sine medlemer